



MØTE I VESTLANDSPROSJEKTET – SAMAN OM VELFERDSTEKNOLOGI 06.03.19

Stad: Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5. Møterom 457-458, 4. etasje

Tilstade:

Kristin Liset – Ulvik herad
Per Waardal - USHT
Kari Sunnevåg – USHT, deltok på Del 1
Eivind Lowzow - brukarrepresentant
Christer Pedersen - Voss kommune
Laila Nystad - Voss kommune
Oddrunn Storheim Hoel – Nordhordlandsprosjektet
Gro Løvik – Nordhordlandsprosjektet/USHT
Elin Eikemo - Nordhordlandsprosjektet
Åshild Øvrebotten – Fusa / Os kommune
Anita Lønnebakken Sævild – Nordhordlandsprosjektet
Kari Bjørkheim - Nordhordlandsprosjektet

Forfall:

Representant - Granvin kommune
Arild Hofland – Austevoll kommune

AGENDA

Del 1 kl. 10.00-11.30: Austevoll, Fusa, Granvin, Os, Ulvik og Voss

- Informasjon
 - Bakgrunn: Prosjektleiari informerte om arbeidet som er gjort i forhold til forslag om overgang til Vestlandsprosjektet. Det vert til saman 16 kommunar, og Samnanger kommune vurderer å søke seg inn i prosjektet . Det vart òg informert om kven som har vore med i Nordhordlandsprosjektet.
Det vart informert om målsetjingar i prosjektet – til drøfting og gjennomgang på neste samling. Informasjon om historikk frå start i Lindåsprosjektet, Nordhordlandsprosjektet fram til no med gjennomført anskaffing og opptak av nye kommunar. Her har følgjande vore sentralt: God prosjektstyring, endringsleiing, kulturendring, sektorovergripande, forankring, kompetansebygging, brukarmedverknad, implementering, ny teneste.
 - Framdriftsplan: Det vert heildagssamlingar ute i nye kommunar, datoar er tilsendt. Samling for dei nye kommunar: 2. og 3.april 2019 i Nasjonalt velferdsteknologi-program i Oslo.
Opplæringsdag for dei nye kommunane med PA consulting i mai
Det kjem dato for ny fellessamling.

- Informasjon frå nye kommunar.
 - Kommunane presenterte og informerte om følgjande i sine kommunane:
 - *Status:*
 - *Behov*
 - *Kompetanseheving/opplæring*
 - *Forventningar*
 - *Organisering – overordna*
 - *Organisering i eigen kommune*
 - *Ressurspersonar – prosjektansvarleg i kvar kommune*
 - *Evt.*

- Dei nye kommunane ynskjer drahjelp i prosjektet, og kan bidra inn mot prosjektet og dele sine erfaringar.
- Presentasjon av verktøy for 0 - punkt kartlegging. Dette blir også tema på heildagssamling.
- 17.09.2019 blir det regionalsamling for vestlandet. Prosjektleder ynskjer innspel/forslag på tema denne dagen. Ressurspersonar er aktuelle for å delta på denne samlinga. Innbyding kjem etter kvart med målgruppe for kven som bør delta.
- Informasjon om dagen vidare, om samarbeidsavtale m.m.
- Informasjon om ressurspersonar og samlingar for dei. Tilrår min. 2 ressurspersonar i kvar kommune. Prosjektadministrasjonen kan dele mandat som er laga, med nye kommunar. Nye kommunar må velje ut ressurspersonar. Korleis få til samlingar for ressurspersonar? Alternativ kan være: regionale samlingar ein gong pr. månad og felles samling av og til. Dette må drøftast. Kommunane må sei noko kva som er hensiktsmessig i forhold til erfaringsutveksling og avstandar.
- Informasjon om kurs 2.mai - endringsleiing. Påmelding: førstemann til mølla. Det er 50 plassar. Kurset vert gjennomført dersom det vert minst 25 deltakarar. Frist for påmelding: 27.03.19.
 Link til påmelding:
<http://kurs.ksagenda.no/kursinformasjon.cfm?pAction=Article&pCompanyId=64411&pArticleId=56767&pEMSID=24726>
- Presentasjon av forslag til prosjektmandat – ønske om innspel. Utkast til samarbeidsavtale vart presentert. Nye representantar må veljast til styringsgruppa og prosjektgruppa. Vert tatt opp i vidare møte denne dagen med alle kommunane.

Lunsj kl. 11.30-12:00 (for alle)

Desse kom til del 2:

Nina Kvamme – Osterøy kommune
Helga Ellingsen – Masfjorden kommune
Grethe Herøy – Radøy kommune
Ove Sæbø – Modalen kommune
Solrun Hauglum – Vaksdal kommune
Heinz Diehl – Fedje Kommune
Helge Kvam – Meland kommune/ Alver kommune
Torunn Irene Danielsen - USHT

Forfall:

Leni Dale – Lindås kommune
Ingebjørg Søreide – Gulen kommune
Monika Kvamme – Austrheim kommune
Thomas Rønn-Aar – IKTNH
Anne Hildegunn Færøy – Regionrådet

Del 2 kl. 12.00-15.00: Alle kommunar i prosjektet

- **Kjøp av domene Vestlandsprosjektet.no**

Viste ny logo på ny heimeside. Positivt til logo, men ynskjer eit anna bilde. Ynskjer eit bilde der det er folk til stades og som viser kva dette handlar om.

- **Presentasjon av namneforslag /ny visjon**

Einige om nytt namn og logo. Beheld visjon og målsetningar

- **Felles søknad tilskot 01.02.19**

Er sendt søknad der 16 kommunar er med. Samnanger vurderer å melde seg inn. Har ikkje fått svar på søknaden endå.

- **Skjønnsmidlar, innovasjon – kompetansemidlar**

Bli oppfordra til å søka om skjønnsmidlar og kompetansemidlar som må dekkja delar av kostanden i prosjektet.

02.05.19 – Kurs i endringsleiing i Bergen ved KS Agenda. Målgruppe er mellomleiarar. OU midlar som dekkjer kostnadane. Gå inn på link for påmelding.

<http://kurs.ksagenda.no/kursinformasjon.cfm?pAction=Article&pCompanyId=64411&pArticleId=56767&pEMSID=24726>. Blir førstemann til mølla prinsipp. Dersom det er interesse kan ein vurdere om nytt kurs skal setjast opp til hausten

Det er sendt ut informasjon om Nettstudie innan velferdsteknologi i Høgskulen i Vestfold, https://issuu.com/luthhansse/docs/tverrfaglig_velferdsteknologi_2019 Studiet søkast på www.vigo.no innan 15. april

17.09.19 – Regional samling for Vestlandet. Får hjelp frå Helsedirektoratet til denne samlinga. Prosjekta i Sogn og fjordane, Haugalandet og Rogaland blir med oss her i Bergen.

- **Dialog om nytt mandat**

Går gjennom forslag til mandatet og blei gjort endringar under vegs. (Dokument blir ettersendt når det er ferdig med alle namn som skal inn i dokumentet)

Kvart enkelt kommune må sikre brukarmedverknad – prosjektgruppa ser på korleis dette skal/kan gjerast.

Medlemmer i prosjektgruppa i tillegg til dei som er føreslått:

Kommunalsjefgruppa i Nordhordlandsprosjektet vel 1 representant på neste møte i veke 11

Voss/Granvin vel 1 representant

Os/Fusa vel 1 representant

Austevoll 1 representant? Spør om dei ynskjer å vera representert

Møter i ressursgruppe: Ynskjer å ha regionale samlingar, forslag om å dele gruppa opp i 3 grupper? Ynskjer å ha nokre felles samlingar i året, gjerne samstundes med nettverk organisert gjennom USHT. Ein må også vurdera kapasiteten til dei tilsette i prosjektet om det er mogleg å dele gruppa opp. Dette blir tatt opp i fyrste prosjektgruppemøte

Referansegruppa – Dei nye kommunane må velje minst ein representantar kvar til denne gruppa. Ynskjer gjerne ein representant frå frivilligsentral. Tilbakemelding innan 1 veke.

Stilt spørsmål om ein skal ha konferanse i år også. Synes det har vore veldig bra og spesielt har det har vore bra for andre som ikkje er direkte involvert i prosjektet, som brukarorganisasjonar, ulike råd og politikarar. Viktig at ein slik konferanse ikkje kolliderer med andre konferansar. Dette skal takast opp på neste prosjektgruppemøte.

- **Ny styringsstruktur**

Det vart bestemt at det er regionrådet skal stå som eigar saman med rådmennene i dei nye kommunane. Det skal takast opp med regionrådet om dei framleis vil stå som eigar av prosjektet på vegne av dei kommunane som er med der.

Ansvarleg kommune skal framleis vera Masfjorden kommune.

Styringsgruppa skal ha representantar frå alle kommunane – 12 personar. (Kommunar som skal slåast saman frå 2020 får 1 representant) og ein brukarrepresentant. I tillegg møter prosjektleiar og sekretær frå Vestlandsprosjektet.

Prosjektgruppa – Leia av prosjektleiar. Består av arbeidsgruppa/prosjektmedarbeidarane i Vestlandsprosjektet, brukarorganisasjon, hovudtillitsvalt, USHT og representantar frå 4 av kommunane (sjå referat over)

Referansegruppe – Blir utvida med medlemmer frå dei nye kommunane

- **Samarbeidsavtale**

Gjekk gjennom avtalen. Gjorde endringar undervegs (Dokument blir ettersendt når det er ferdig med alle namn som skal inn i dokumentet)

- **Implementeringa i alle kommunar**

Alver kommunane har gjort anskaffing i 2017.

Voss har gjort ulike anskaffingar av velferdsteknologi og Granvin føl deira anskaffingar.

Ulvik skal byrja anskaffing no.

Resten av kommunar har gjort anskaffing i 2018 (Vaksdal, Osterøy, Modalen, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Gulen, Os, Fusa, Austevoll).

- **Eventuelt**

- Informasjon om den siste anskaffinga og framdrifta. Det blir «kick off» samling med Atea 11.04.19 for dei som har vore med i denne anskaffinga.
- Fyrste møte i den nye prosjektgruppa blir 10.04.19

Referentar:

Elin Eikemo og Anita L. Sævild